



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

19.06.2020

Vår ref:

2020/6224

Dykkar dato:

03.04.2020

Dykkar ref:

200703928

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

## Fråsegn til planendring for Gravdalen kraftverk i Lærdal kommune

---

**Fylkesmannen ber om at det blir sett vilkår i ein ny konsesjon om at omfattande anleggsarbeid knytt til bygginga av Gravdalen kraftverk blir avslutta innan den planlagde reetableringa av villrein i området. Anlegget med mellom anna vegtilknytninga må utformast slik at dei ikkje dannar barrierar for reinen.**

---

Vi viser til oversendinga 3. april 2020 med endringssøknad for Gravdalen kraftverk.

### Om planendringa

Østfold Energi AS fekk konsesjon til å byggje Gravdalen kraftverk i 2015, men utbygginga er enno ikkje realisert. For å redusere investeringsbeløp og skattetrykk, og gjere utbygginga bedriftsøkonomisk gunstig, vil utbyggar redusere anlegget til under 10 MW. Maksimal slukeevne i kraftverket skal reduserast frå 5,2 m<sup>3</sup>/s til 3,5 m<sup>3</sup>/s, og estimert årleg energiutbytte går ned frå 57 GWh til 51 GWh.

Kraftstasjonen skal etablerast i dagen i staden for i fjell. Avløpet frå kraftstasjonen skal førast i nedgraven røyrgate mot bekkeinntaket for Vesttunnelen i Gravdalen. Sidan det ikkje skal spengjast ut stasjonshall, blir det noko mindre masse som skal deponerast. Planlagt vegbygging står ved lag.

På grunn av søknaden om endra effekt søker selskapet også om å få endra anleggskonsesjonen, slik at dei får fridom til å velje mellom å byggje eit nettanlegg med spenning på 22 kV eller eit med 66 kV. Det er også søkt om fem års utsett byggjefrist, til 13.2.2025.

Eigenvurderinga til søkar er at konsekvensane samla sett er vurdert til like eller noko betre enn det konsesjonssøkte alternativet. Dei legg til grunn at tilhøva for villrein er vesentleg endra etter utskytinga av villreinstamma i Nordfjella, og dei ønskjer difor å sleppe krav om å ta omsyn til villrein i anleggsperioden. Konsekvensar for anna naturmiljø og landskap er vurdert til å bli uendra av planendringa.

### Villrein

Fylkesmannen hadde ikkje avgjerande innvendingar til prosjektet som fekk konsesjon, men vi føresette at utbygginga skulle bli så optimal som mogleg for villreininteressene. Miljødirektoratet rådde frå å gi konsesjon, på grunn av at både anleggsarbeid og samla inngrepsmengde ville skade villreinen i dette nasjonale villreinområdet.

---

E-postadresse:  
[fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



I regionalplanen for Nordfjella er Gravidalen peika på som eit av åtte fokusområde i Nordfjella villreinområde. Gravidalen er, og har vore lenge, eit svært viktig trekkområde i aust-vestleg retning, og er viktig for både beite og kalving. For villreininteressene hadde det derfor vore ønskeleg at Gravidalen var inngrepsfritt. For at denne delen av Nordfjella villreinområde framleis skal kunne nyttast av villreinen, er det nokre punkt vi vil legge vekt på dersom Østfold Energi sitt endringsforslag skal godkjennast:

- Reetablering av villrein skal etter planen starte i 2023/24. Omfattande anleggsarbeid bør av den grunn vere ferdig til dette. Reetableringsfasen er ein kritisk fase, og dersom det pågår full anleggsdrift i Gravidalen i til dømes 2025, vil det kunne føre til at villreinen ikkje vil ta i bruk området til kalving og trekk aust-vest. Vi risikerer då at heile dette viktige området går ut av bruk, og det vil vere svært uheldig for heile Nordfjella. Dersom det blir opna for anleggsarbeid etter 2023, må det ikkje bli aktivitet/inngrep som kan uroe reinen i kalvinga i mai og juni.
- Anleggsvegen ned til kraftstasjonen må utformast slik at ein unngår høge skjeringar som er vanskeleg å krysse for reinen. Bratte skråningar må flatast ut/jamnast ut i den grad det er teknisk mogleg.
- Brøyting av veg må ikkje skje i mai og juni, i åra etter at reetableringa av villrein er igangsett.
- Kraftstasjon i fjell er det klart beste alternativet for villreinen. Venteleg vil kraftstasjonen vere eit visuelt element som reinen kan passere på ein viss avstand. Det avgjerande her vil vere om det er mykje aktivitet ved stasjonen, til dømes brøyting av veg. Vi meiner også det må vurderast nærare om ein kraftstasjon i dagen kan føre til meir støy, og om dette eventuelt vil kunne uroe villrein. I søknaden er det kort nemnt at planendringa ikkje vil føre til endringar i støy.
- På bakgrunn av Østfold Energi AS sine tiltak inne i ein av dei viktigaste delane av Nordfjella villreinområde, meiner vi at det er rimeleg å forvente at dei held fram med å bidra økonomisk inn i GPS-prosjektet når reinen er reetablert.

### **Anna naturmiljø**

I konsekvensrapporten for den opphavlege utbyggingsplanen blei 66 kV-linja mellom Gravidalen og Stuvane vurdert til å få store negative konsekvensar for naturmiljøet. Vi kan ikkje sjå at det vil ha noko vesentleg å seie om linja i staden blir bygd med 22 kV spenning. Vi legg til grunn at linja blir bygd «fuglesikker» i tråd med moderne praksis, slik at fuglar ikkje blir utsette for elektrokusjon.

### **Landskap**

Kraftanlegget og vegtilkomst vil få store negative effektar på landskapet. Med planendringa vil kraftstasjonsbygning som delvis blir lagt i dagen medføre endringar i ytterlegare negativ retning, og dette er omtalt og vist i fotomontasje i søknaden. Vår vurdering er at dei avbøtande tiltaka vil dempe dominansen i landskapet, sett i høve til veggen som allereie er godkjent, og det eksisterande bekkeinntaket i Gravidalen.

Vi ber om å få detaljplanen for utbygginga på høyring.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Eyvin Sølsnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM